

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Emne: Folkelege musikkinstrument. Bygdelaq:

Oppskr. av: Arne Bjørndal.

Gard:

(adresse): Bergens Museum.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Hardingfele -Haringfela-Hord~~XX~~-gigje eit meir usansynleg namn. Namnet kjem truleg av at taglstrengjer var å segja vanlege i eldre tid, då kjøpestrengjen var vande å få tak i og for dyre for eit fatigt bondefolk. Mange av våre landskjende spelemenner tok tilå spela på taglstrengja felor som dei oftast laga sjølv.

(Jamfør den ^{slunke} finske tal- eller tagelharpa.)

Hardingfela hev i um lag 300 år vore kjend vestpå, ~~XXB~~ fyrst i Hardanger og på Voss. Og etter kvart ^{na} Vestlandet elles, frå Rogaland til Nordfjord. I ⁺ sistnemnde fylke og bygdelag var det vanleg fela. Men for um lag 40 år sidan kom ho til Nordfjord-frå Sunnmøre, der Ivar Kjellstad hadde lært seg å spela hardingfela. Seinare hev h.f. vort mykje nytta i Nordfjord; dels og på Sunnmøre.

Serleg frå marknadene i Lærdal, Kongsberg & Røldal, spreiddest h.f. til Telemark, Valdres, Hallingdal og Numedal. Seinare og til Setesdal.

I seinare tid elles kjend og nytta både i Gudbrandsdal, Nordmøre, Trøndelag og Troms, men berre i meir spreidde tilfelle. Hardingfela sin "faste borg" er dei ovannemnde bygdelagi.

Kjenner ikkje til Nyckelharpa nokon stad på Vestlandet.

2
Ei vanleg harpe hev me på Bergens Museum. Orientalisk.

Krokharpa ikkje kjend-det eg veit-på Vestlandet.

Langeleik hev det vore einskilde av, men det er vel um lag 70-80 år sidan ÷ han var i bruk her.

Kva mite dei spela han på veit eg diverre ikkje, *Buleguss platte.*

Hummel ukjend. Salmodikon var mykje nytta eit bil, serleg av skulelærarar, som lite kunde syngja. Var vel det fyrste instrumentet som vart nytta i skulen. Er avlagd for kring

30 år sidan. Nei, Ropert-song hev eg aldri høyr *Tale tinn.*

Ja, eg hev høyr snak om lurar dei kalla for Næverlura.

Det var lurar dei kalla ÷ Toglurar og , dei var helst av tre og umvundne med tog. Men då det er svært lenge sidan desse primitive instrument vart nytta he, kann eg ikkje no uttala meg nærmare um dei. *V. H. J. J.*

Lenge sidan Bukkehornet vart nytta.

Seljefløyte hev vore svært mykje nytta måst alle stader på Vestlandet. Halmfløyte og kjend her. Like eins Sjøfløyte.

Munnharpe var nokso vanleg eit bil, for ~~XXX~~ 60-~~XX~~ 70 år sidan og tidlegar. Ein fekk dei gjerne på "bui". Og det fanst ymse flinke munnharpe-smedar på bygden, kanskje mest på Voss.

Trumma var vanleg i kyststroki på Vestlandet til for kring 40 år sidan, serleg i Sund og Fjell, Os, Fusa og Strandvik. Men ho hev vore nytta her i millom 3-400 år sikkert. (Er nemnt i den eldste prenta folkvisa vår, nett no 300 år gamal.) *(Rabua brude sng i Krolltinn)*

I bygden på Vestlandet hev byinstrumenti havt lite å segja. Blåseorkestre hev det vore etter miten mange av. Men verste fiiren for folkemusikken ÷ hev Dragspelet lenge vore, -og verre vert det, ser det ut til. Det var i Sogn at ÷ Dragspelet fyrst fekk so stor ein plass til dansen i lyd og lag. Det var berre dei nye-innførde-dans-

formene som vart spela på sistnemnde instrument. Og sume av desse slåttane, -ja ikkje so fle av dei-vart overførde til fela, hardingfela som den vanlege. Det vart mykje mote med dei nye slåttane og dansane, ^{frå omkring 1830-1840 åre og fram til} men serleg dei gamle ~~XX~~ lika best den gamle-dansen og det gamle spelet.

Klarinett var mest nytta der den vanlege fela la ridde grunnen, soleis på Møre, i Nordfjord o.a.st.

Kråke-skrelle hev vorte nytta, og hesteskjelle.

"Harpipa, eit blåseinstrument, skal ha vore i bruk her. Det skal vera "austmenn" som kom til Kvinnherad med ~~XXX~~ instrumentet. Eg veit ikkje korleis det såg ut, meib det skulde "låta vent", serleg når det vart spela i skog, fjell eller på vatnet, segjest det."

Arne Stuland, Kvinnherad 1941

"Sume kosta seg lurar av jarnblekk. Langelur vart og kalla Bjørnelur. (Skræmetuting). Han var av tre og nytta fram til 1800."

Same kjelda.

Trepipa: "Trepibå", ei heimelaga fløyta med to skalaer. Norsk Folkeminnesamling, Oslo. Tore Bergstøl 4.s. ~~XXXX~~ ~~XXXX~~ 113-114. 1926.

"Trefløyta spela Ola Sanderstølen i ÅL."

Sevat Sataøyen, ÅL 1946.

Tussefløyta kjend i Valdres. "Dei bles i enden som på klarinett."

Ola Brenno, Bagn.

"Tussefløyte var gjatarinstrument og var nytta her i Gudbrandsdal til for omkring 50 år sidan."

O.L.Holø, 1945.

"Tussefløyta er ei trefløyta."

Andreas Hauge, N. Aurdal, Valdres. 1946.

" Tussefløyta hadde 6 høl,ho var laga tå eine.Dei spela tona og slitta på tussefløyta."

Rasmus T.Mardal 1943.

f.kr.1870,d.1948.

Sandane,Gloppen,Nordfjord.

Rasmus T. Mardal

*Bygges Museer,
Byggen.*

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY